

**Til medlemmer i forstandarskapet, medlemmer i styret og ekstern revisor**  
**Innkalling til forstandarskapsmøte**

---

Det vert med dette innkalla til forstandarskapsmøte i Tysnes Sparebank

**Torsdag 10. april 2025 kl. 18.00 i bankens lokaler på Våge, Tysnes**

Sakslista

1. Opning av møtet ved forstandarskapets leiar og oppretting av liste over frammøtte representantar
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av 2 personar til å skrive under protokollen saman med møteleiar
4. Omgjering av forstandarskapet sitt vedtak om fusjon  
Sjå vedlagd saksunderlag.
5. Ny og justert fusjonsplan  
Sjå vedlagd saksunderlag.
6. Godkjenning av bankens årsrekneskap for 2024 herunder årsmelding, årsoppgjørdisposisjonar, utbytte, revisjonsberetning og godtgjersle til revisor.

Bankens årsrapport er vedlagt innkallinga, samt revisors revisjonsberetning.

7. Val av medlemmer til styret i Sparebankstiftinga Tysnes for perioden 2025-2027  
Sjå vedlagd saksunderlag.
8. Val av medlemmer til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Tysnes 2025-2029  
Sjå vedlagd saksunderlag.
9. Val av medlemmer til valkomiteen i Sparebankstiftinga Tysnes 2025-2027  
Sjå vedlagd saksunderlag.
10. Orientering om tilsette sine val i 2025  
Sjå vedlagd saksunderlag.
11. Forslag til godtgjersle til tillitsvalde i Sparebankstiftinga Tysnes  
Sjå vedlagd saksunderlag.
12. Val av revisor i Sparebankstiftinga Tysnes  
Sjå vedlagd saksunderlag.

### Saksdokumenter og forslag til beslutninger

Denne innkallinga og andre saksdokumenter er gjort tilgjengeleg på <https://www.tysnes-sparebank.no>.

Gje ei tilbakemelding om du kjem eller ikkje kjem så snart som mogeleg og seinast innan 02.04.2025 til Britt Ersvær på telefon 952 84 306 eller e-post [ber@tysnes-sparebank.no](mailto:ber@tysnes-sparebank.no) slik at varamedlem eventuelt kan innkallast.

Tysnes, 26.03.2025

Bente Raknes

*Leiar i Styret*

### Vedlegg

- Sak 4 Omgjering av forstandarskapet sitt vedtak om fusjon
- Sak 5 Ny og justert fusjonsplan
- Sak 6 Årsrapport 2024
- Sak 7-9 Val av medlemmer til styret, generalforsamlinga og valkomiteen i Sparebankstiftinga Tysnes
- Sak 10 Orientering om tilsette sine val
- Sak 11 Forslag til godtgjersle til tillitsvalde i Sparebankstiftinga Tysnes
- Sak 12 Val av revisor til Sparebankstiftinga Tysnes

#### SAK 4: OMGJØRING AV FORSTANDARSKAPETS VEDTAK OM FUSJON

Fusjonsplanen datert 2. november 2023 (den "Tidlegare fusjonsplanen") ble opprinneleg vedtatt av Haugesund Sparebanks generalforsamling og Tysnes Sparebank sitt forstandarskap den 11. desember 2023, og Finanstilsynet ga sin tillating til samanslåinga den 3. juli 2024.

På grunn av endra forhold, som nærmare omtalt under sak 5, inkludert eit justert bytteforhold, har styret i møte den 4. mars 2025 inngått ny og justert avtale med Haugesund Sparebank om at bankane slås saman, som supplerer den Tidlegare fusjonsplanen.

Som følgje av ein ny og justert fusjonsplan, er det nødvendig at forstandarskapet fattar nytt vedtak om fusjon, og for å kunne vedta ny beslutning om fusjon, må vedtaket fra forstandarskapsmøte 11. desember 2023 gjerast om.

Den Tidlegare fusjonsplanen gjeld fortsett for den pågående fusjonsprosessen, med dei endringar som framgår av ny og justert fusjonsplan, som nærmare omtalt under sak 5.

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgjande vedtak:

"Forstandarskapets vedtak om samanslåing med Tysnes Sparebank, datert 11. desember 2023, vert gjert om og erstatta med nytt vedtak om fusjon."

#### SAK 5: NY OG JUSTERT FUSJONSPLAN

Den Tidlegare fusjonsplanen byggjer på sparebankanes økonomiske stilling då forhandlingane vart gjennomført. Bankane har avtalt under pkt. 14 om endra forhold at dersom det etter sparebankanes avlagte rekneskap per 30. september 2023 vert avdekka nye opplysningar som må antas å vera av vesentleg betydning for gjennomføring av samanslåinga, kan styra i Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank før gjennomføringsdato kreve nye forhandlingar, eller alternativt, med godkjenning frå generalforsamlinga/forstandarskapet, trekkja tilbake sparebankens tilslutning til fusjonsplanen.

Som børsmeldt 3. september 2024, har det etter avlagte rekneskap per 30. september 2023 blitt avdekka slike endra forhold i Tysnes Sparebank ettersom det vart meld om auka tapsavsetjingar og risikoen i BM-portefølja viste seg å vera større enn opprinneleg forutsett. Styra i bankane har derfor vært i forhandlingar for å etablere et bytteforhold som ivaretar begge parters interesser på en tilfredsstillende måte.

Bankane har nå blitt enige om en oppdatert fusjonsplan, herunder et justert bytteforhold. Haugesund Sparebank vil fortsatt være den juridisk og rekneskapsrettslege overtakande banken og overtar derfor eiendeler, rettigheter og forpliktelser fra Tysnes Sparebank ved gjennomføring av samanslåinga, med utsteding av egenkapitalbevis som vederlag til eksisterende eiere i Tysnes Sparebank og til Sparebankstiftinga Tysnes som opprettes i forbindelse med samanslåinga.

Som grunnlag for behandlinga er følgjande dokumenter vedlagd:

- Ny plan for samanslåing (fusjonsplan) med vedlegg, herunder proforma balanse og redegjøring for rekneskapsmessig gjennomføring av fusjonen
- Tidligere fusjonsplan
- Rapport fra styret i Tysnes Sparebank om samanslåing (styrerapport)
- Sakkyndig redegjørelse for plan om samanslåing

- Oppdatert utkast til stiftelsesdokument og vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes

Årsrekneskap, årsberetning og revisjonsberetning, samt kvartalsrapportar for Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank siste tre år er tilgjengeleg på <https://haugesund-sparebank.no/om-oss/investorinformasjon/ars-og-kvartalsrapporter/> og <https://www.tysnes-sparebank.no/ombanken/Investorinformasjon/Rekneskapsrapporter>.

Ny fusjonsplan er inngått av styra i dei to bankane, og forutsetter godkjenning frå forstandarskapet. Forstandarskapet skal ta stilling til den oppdaterte fusjonsplanen i sin helhet.

Det vil i møtet bli redegjort for samanslåinga med Haugesund Sparebank og hvilken betydning denne vil ha for banken.

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgande vedtak:

"Forstandarskapet godkjenner styrets forslag i plan for samanslåing (fusjonsplan) datert 4. mars 2025, som supplerer den tidlige fusjonsplanen datert 2. november 2023, om samanslåing av Haugesund Sparebank (org. nr. 837 895 502) som overtakende bank og Tysnes Sparebank (org. nr. 937 897 375) som overdragende bank.

I samsvar med fusjonsplanen godkjennes tegning av egenkapitalbevis i Haugesund Sparebank tilsvarende det eksisterende egenkapitalbevisiere i Tysnes Sparebank skal motta som vederlag for egenkapitalbevisene i Tysnes Sparebank og som Sparebankstiftinga Tysnes skal motta som vederlag for grunnfondskapitalen i Tysnes Sparebank.

Utkast til stiftelsesdokument og vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes godkjennes. Forstandarskapet gir styret fullmakt til å ferdigstille utkastene med de tilpasninger som følger av konsesjonsbehandling og de vedtak som gjennomfører samanslåinga.

Vedtakene er betinget av at generalforsamlingen i Haugesund Sparebank godkjenner fusjonsplanen."

**SAK 6: GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING FOR 2024**

Årsunderskotet vert fordelt etter relativ andel av bankens lågaste prioriterte egenkapital før resultatdisponeringar, og er fordelt mellom Sparebankens Fond, gåvefond og utjamningsfond. Sparebankens Fond tar 87,5 prosent av underskotet og er redusert med 32,437 millionar kroner. Gåvefondet tar 0,7 prosent og er redusert med 0,258 millionar, mens eigarkapitalen tar dei resterande 11,8 prosentane og utjamningsfondet er redusert med 4,358 millionar kroner i årets resultatdisponeringar. Det vert ikkje innstilt på gåveutdeling eller utbytteutbetaling for årsrekneskapen for 2024.

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgjande vedtak:

"Forstandarskapet har handsama årsrekneskap og årsmelding for 2024. Styrets framlagte årsrekneskap for 2024, som viser eit negativt totalresultat på 41,89 millionar kroner, og årsmelding for 2024 vart godkjend"

"Forstandarskapet vedtok foreslåtte disponeringar av bankens årsunderskot for 2024 som følgjer (tall i tusen kroner):

<i>Overført frå Sparebankens fond</i>	<i>kr.</i>	<i>-32.437</i>
<i>Overført frå gåvefond</i>	<i>kr.</i>	<i>-258</i>
<i>Overført frå utjamningsfond</i>	<i>kr.</i>	<i>-4.358</i>
<i>Overført frå fond for urealiserte gevinstar</i>	<i>kr.</i>	<i>-4.837</i>
<i>Sum disponert</i>	<i>kr</i>	<i>-41.890</i>

"Forstandarskapet tok revisors uavhengige beretning til orientering"

"Forstandarskapet vedtok revisors godtgjersle etter rekning for revisjon i 2024 totalt kr. 1,45 MNOK"

**VEDLEGG TIL SAK 7 - SAK 9: ETABLERING AV SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES**

I henhold til fusjonsplanen skal forstandarskapet i Tysnes Sparebank velge medlemmer til styret, generalforsamlinga og valkomiteen for Sparebankstiftinga Tysnes, som skal opprettast i samband med samanslåinga.

Forstandarskapet gjennomførte dei ovannemnte vala i møte 6. mai 2024. På bakgrunn av endra tilhøve, som omtalt i sak 5, har samanslåinga ikkje blitt gjennomført og Sparebankstiftinga Tysnes er følgjeleg ikkje oppretta og registrert.

Styret foreslår difor at forstandarskapet gjennomfører vala på nytt som vedlagt i denne saksframstillinga.

Bestemmelsar om kapital i Sparebankstiftinga Tysnes er tilpassa det nye bytteforholdet i fusjonen med Haugesund Sparebank, som omtalt i sak 5. Det er for øvrig ingen endringar i utkastet til stiftelsesdokumentet og vedtekter.

### **SAK 7: VALG AV MEDLEMMER TIL STYRET I SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES 2025-2027**

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgjande vedtak:

"Børge Pedersen og Elisabeth Sandven velges som styremedlemmer. Audun Magnussen velges som styrets leder.

Styremedlemmer, inkludert styreleiar, velges for 2 år om gangen.

Styret består såleis av:

- Audun Magnussen (styreleiar)
- Børge Pedersen
- Elisabeth Sandven"

### **SAK 8: VALG AV MEDLEMMER TIL GENERALFORSAMLINGEN I SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES**

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgjande vedtak:

"Heidi Renate Røssland, Gunnar Hansen, Linn Larssæther Frøkedal og Martin Rabben Restad velges som medlemmer til generalforsamlingen. Margrete Klemmetsby velges som generalforsamlingens leder og Sigmund Hovland velges som generalforsamlingens nestleder. Rannveig Ljostveit Helland, Øystein Vaage og Marit Bruntveit Vatne velges som varamedlemmer til generalforsamlingen.

Generalforsamlingens medlemmer, inkludert varamedlemmer, velges for 4 år om gangen. Anna kvart år veljast høvesvis 3 nye medlemmar av generalforsamlinga. Etter 2 år avgjerast det ved loddtrekning kva medlemmar som skal tre ut, og deretter dei som har gjort teneste lengst. Generalforsamlingas leiar og nestleiar velges for 1 år om gangen.

Generalforsamlinga består såleis av:

- Margrete Klemmetsby (leiar)
- Sigmund Hovland (nестleiar)
- Heidi Renate Røssland
- Gunnar Hansen
- Linn Larssæther Frøkedal
- Martin Rabben Restad
- Rannveig Ljostveit Helland (varamedlem)
- Øystein Vaage (varamedlem)
- Marit Bruntveit Vatne (varamedlem)"

## **SAK 9: VALG AV MEDLEMMER TIL VALKOMITEEN I SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES**

Forstandarskapet vert invitert til å treffa følgjande vedtak:

"Heidi Renate Røssland og Linn Larssæther Frøkedal velges som medlemmer av valkomiteen. Martin Rabben Restad velges som valkomiteens leder.

Valkomiteens medlemmer, inkludert valkomiteens leder, velges for 2 år om gangen.

Valkomiteen består såleis av:

- Martin Rabben Restad (leder)
- Heidi Renate Røssland
- Linn Larssæther Frøkedal»

## **SAK 10: ORIENTERING IM TILSETTE SINE VAL I 2025**

Tilsettevalde forstanderskapsmedlemmer i Tysnes Sparebank

Medlem: Gunnar Hansen, Linda Lilleheie Trana og Kristine Frugård

Varamedlem: Svein Erik Halhjem og Ane Vermedal

Tilsettevalde sin representant og vararepresentant i Hovedvalkomiteen:

Medlem: Gunnar Hansen

Varamedlem: Kristine Frugård

## **SAK 11: FORSLAG TIL GODTGJØRELSE TIL TILLITSVALDE I SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES**

### Generalforsamlinga:

Leiar:	Fast kr. 7.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte
Medlemmer:	Kr. 2.200 pr møte
Vara:	Kr. 2.200 pr møte

### Styret:

Leiar:	Fast kr. 50.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte
Medlem:	Fast kr. 30.000 pr år, samt kr. 2.200 pr møte

### Vallkomite:

Medlem:	Kr. 2.200 pr møte
Vara:	Kr. 2.200 pr møte

Det vert ikkje utbetalt tapt arbeidsfortjeneste. Kjøyregodtgjersle/reiseutgifter til møte vert dekka etter statens satsar. Godtgjersle til medlemmar av generalforsamling, styre og valkomiteen handsamast årleg av generalforsamlinga.

## **SAK 12: VAL AV REVISOR**

Valkomiteen innstiller på RSM Norge AS ved statsautorisert revisor Inge Soteland.